



**Kreativiteten er stor hjå dei som leiar Systrene Nilsen. Det pregar ikkje minst drivar Morten Nilsen som i dag inviterte russekullet til rebus for lag. Kullet er på nærare 80 dette året og halvparten var førehandsinnmeldt. Men det enda med at berre 20 var med.**

**Likevel var det eit vellukka arrangement. Det vart 5 lag og ein hadde inntrykk av at dei trivdes og gjekk inn for tevlinga om gåvekort for 500 kroner med liv og lyst.**

- Kjekt at nokon vil lage til noko slikt for oss, sa ei av jentene til uskedalen.no før ho kasta seg ut i dei 18 spørsmåla som var utplasserte i det næraste området. Det passa bra i dag fordi det ikkje sto noko anna på eit ellers tett program. Og spørsmåla vart av stillaren sjølv kalla ei lett blanding der alle hadde tre alternativ.

Veit du til dømes kva russ betyr? Jau, utdanningsklar. Rebusen vart avløyst av fleire spennande innomhustevlingar - frå prøvesmaking til handbak

Det sigrande laget som vi presenterar over var, rekna frå høgre, Karoline Norheim Fausk frå Omvikdalen, Kjersti Slåke frå Utåker, Liv Kari Benjaminson frå Halsnøy og Silje Marie Omvik frå Omvikdalen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)